

Saksnr. 23/4326

19.09.2023

Høyringsnotat

Forslag til endra skattereglar for barnepensjon

Innhald

1	Innleiing og samandrag	3
2	Gjeldande skattereglar.....	4
2.1	Barn under 17 år som har mista éin forelder.....	4
2.2	Barn over 17 år eller som har mista begge foreldra	6
3	Departementet sine vurderingar og forslag	7
3.1	Omsynet til enklare skattereglar.....	8
3.2	Skatt på arbeidsinntekt ved sidan av barnepensjonen	10
3.3	Nivået på barnepensjonen etter skatt	11
3.4	Samla vurdering – kapitalskatt og særskilt frådrag i barnepensjon	13
4	Økonomiske verknader for den enkelte	16
4.1	Innleiing	16
4.2	Under 17 år, har mista éin forelder.....	16
4.3	Over 17 år, har mista éin forelder	17
4.4	Under 17 år, har mista begge foreldra	18
4.5	Over 17 år, har mista begge foreldra.....	19
5	Administrative og økonomiske konsekvensar	21
6	Ikrafttreding.....	22
7	Forslag til lovendingar	22

1 INNLEIING OG SAMANDRAG

Stortinget vedtok i 2020 å leggje om etterlatneytingane frå folketrygda. Vedtaket byggjer på forslag lagt fram av regjeringa Solberg i Prop. 13 L (2020–2021), jf. lov 18. desember 2020 nr. 139. Omlegginga inneber blant anna at pensjon og overgangsstønad til gjenlevande ektefelle og tidlegare familiepleiar vert erstatta av ein ny tidsavgrensa omstillingsstønad. Nye reglar skal verke frå inntektsåret 2024.

Omstillingsstønaden skal skattleggjast som lønsinntekt. Personar som har rett til etterlatnepensjon m.m. med verknad før 1. januar 2024, skal behalde dagens yting i ein overgangsperiode og skattleggjast etter gjeldande reglar i denne perioden.

Endra ytingar frå folketrygda til gjenlevande ektefelle m.fl. inneber at det må gjerast fleire endringar i skattelova og folketrygdlova. Framlegg om å endre skattereglane som følgje av ny omstillingsstønad med overgangsreglar vil verte lagt fram i Prop. 1 LS (2023–2024).

Det er også vedteke å endre ytinga til etterlatne barn (barnepensjon) frå folketrygda. Barnepensjon frå folketrygda vert ytt når éin av eller begge foreldra er døde. Hovudregelen etter gjeldande reglar er at ytinga vert ytt fram til barnet fyller 18 år (men ho kan ytast til fylte 20 eller 21 år på visse vilkår). Dersom éin forelder er død, vert det gjeve 0,4 G for det første barnet og 0,25 G for alle andre barn. Dersom begge foreldra er døde, utgjer pensjonen for det første barnet det same som det ein gjenlevande ektefelle ville fått, 0,4 G for barn nummer to og 0,25 G for resten. Desse beløpa vert summerte, og pensjonen vert deretter gjeven med like stort beløp til kvart barn. Barnepensjonen vert ikkje redusert ved arbeidsinntekt, men vert avkorta krone for krone mot eventuell uføretrygd som barnet har rett til.

Etter dei nye reglane skal barnepensjonen frå folketrygda alltid betalast ut til fylte 20 år. Han skal utgjere 1 G per barn når éin forelder er død, og 2,25 G per barn når begge foreldra er døde. For dei fleste aukar dermed nivået vesentleg.

Da endringane vart vedtekne, vart skattlegginga av barnepensjon ikkje omtalt. I mandatet for Etterlatneutvalet (NOU 2017: 3) frå regjeringa Solberg var det fastsett at dei nye ytingane til barn skulle skattleggjast som løn, men dette har ikkje vore nærare drøfta etter dette.

Departementet foreslår i dette høyringsnotatet at barnepensjon skal skattleggjast berre som alminneleg inntekt (dvs. med ein flat sats på 22 pst.), og at det blir gjeve eit nytt særskilt frådrag i barnepensjonen. Departementet foreslår at endringane skal tre i kraft med verknad frå og med inntektsåret 2024, samtidig med ny barnepensjon.

Departementet viser til framlegg til endringar i skatteloven §§ 6-32, 6-49 og 12-2.

2 GJELDANDE SKATTEREGLAR

Barnepensjon er skattepliktig pensjonsinntekt etter skatteloven § 5-1. Det er ulike reglar for skattlegging av barn over og under 17 år, og reglane avheng av om éin av eller begge foreldra er døde. For barn under 17 år avheng skatten på barnepensjon også av inntektsnivået til eventuell gjenlevande forelder, dvs. om forelderen får skatteavgrensing eller ikkje. Reglane for skatt på barnepensjon er nærare omtalte nedanfor.

Barnepensjon frå andre ordningar, som offentlege og private tenestepensjonsordningar, vert skattlagde på same måten som barnepensjon frå folketrygda.

2.1 Barn under 17 år som har mista éin forelder

Barnepensjon til barn under 17 år vert skattlagd hos den gjenlevande forelderen. Når barnet er under 17 år, vert barnepensjonen ikkje rekna som personinntekt, jf. skatteloven § 12-2 bokstav b andre punktum. Det inneber at det ikkje skal betalast trygdeavgift eller trinnsnitt av barnepensjonen, berre skatt av alminneleg inntekt.

Når den gjenlevande forelderen mottok pensjon frå folketrygda som gjenlevande ektefelle, vil barnepensjonen inngå i fastsetjinga av skatt etter skatteavgrensingsregelen når forelderen har låg inntekt. Skatteavgrensingsregelen (skatteloven § 17-1) inneber at det ikkje skal betalast skatt når alminneleg inntekt med visse justeringar er 147 450 kroner eller lågare i 2023 (skattefri nettoinntekt). Det er skatt av alminneleg inntekt, trygdeavgift og trinnsnitt i trinn 1 og 2 som kan setjast ned etter denne regelen. Av inntekt over den skattefrie nettoinntekta skal det betalast 55 pst. skatt, fram til ordinære skattereglar gjev lågare skatt.

Skatteavgrensingsregelen inneber dermed at skatten på barnepensjonen i praksis kan bli 33 pst., sjølv om han ikkje vert rekna som personinntekt (55 pst. av barnepensjon etter 40 pst. minstefrådrag). Om den gjenlevande forelderen har høg inntekt, slik at skatten ikkje vert fastsett etter skatteavgrensingsregelen, vert skatten på barnepensjonen derimot berre 13,2 pst. (22 pst. av barnepensjon etter 40 pst. minstefrådrag). Dagens reglar gjev altså høgast skatt på barnepensjon dersom forelderen har låg inntekt.

Det vert gjeve eit eige, særskilt minstefrådrag i barnepensjon (etter reglane for pensjon), i tillegg til minstefrådrag i eventuell lønnsinntekt som barnet har (utan tak på summen av minstefrådrag i barnepensjon og løn som etter alminnelege reglar), jf. skatteloven § 6-32 andre ledd. Det særskilde minstefrådraget vert også gjeve når barnet vert skattlagt individuelt, sjå punkt 2.2.

Av forarbeida i Ot.prp. nr. 19 (1980–81) punkt 5 går det fram at formålet med eit eige minstefrådrag i barnepensjon var å handsame barn av aleineforelder likt med andre barn med to foreldre, slik at desse skulle kunne tene like mykje skattefritt som andre

barn. Barn med åleineforelder (ev. to døde foreldre) ville typisk motta skattepliktig barnebidrag eller barnepensjon, i tillegg til eventuell arbeidsinntekt. Utan eit særskilt minstefrådrag i barnepensjonen, ville desse barna (eventuelt samskattlagd forelder) få høgare skatt på arbeidsinntekta enn barn med to foreldre som forsørger dei. Årsaka til dette var at høvet til å få minstefrådrag i løn elles ville vore «brukt opp» gjennom minstefrådrag i barnepensjonen (heilt eller delvis). I skattereglane elles vert det berre gjeve minstefrådrag på grunnlag av personinntekt. Regelen om særskilt minstefrådrag i barnepensjon vart likevel ikkje endra i 1988, da barnepensjonen ikkje lenger skulle reknast som personinntekt for barn under 17 år.

Barn som vert samskattlagde med foreldre, har ikkje krav på eige personfrådrag i den samskattlagde inntekta. Dette gjeld generelt for all inntekt barnet har, ikkje berre barnepensjon, og uavhengig av om barna mottek barnepensjon eller ikkje. Denne innrettinga har bakgrunn i det tidlegare klassefrådraget for forsørging. Dette klassefrådraget vart avløyst av auka barnetrygd til foreldra i 1969. Grunngevinga for at det ikkje vert gjeve personfrådrag i desse tilfella, er derfor at foreldra får barnetrygd. Frå 13 år vert barn skattlagde særskilt for arbeidsinntekt. Da får barna likevel personfrådrag i arbeidsinntekta, trass i at foreldra mottek barnetrygd.

Regelen om at barnepensjon ikkje er personinntekt, vart innført frå 1988.

Grunngevinga var administrative omsyn. Det var berekningstekniske problem i dei tilfella barnet skulle samskattleggjast med gjenlevande forelder. For å berekne trygdeavgift og toppskatt på barnepensjon i desse tilfella, måtte likningskontoret rekne ut skatten manuelt fordi datasystema ikkje handterte det, jf. Ot.prp nr. 9 (1988–89) punkt 1.5. Endringa innebar da ei ikkje uvesentleg forenkling. Føresegna i § 12-2 andre punktum fekk si noverande utforming ved lovendring i 2000, jf. Ot.prp. nr. 24 (2000–2001) punkt 6.2. Regelen gjeld også for barn under 17 år som ikkje vert samskattlagde med gjenlevande forelder fordi begge foreldre er døde, sjølv om regelen var grunngeven med berekningsproblem ved samskattlegging.

Barn som vert samskattlagde med gjenlevande forelder, vert elles skattlagde særskilt for arbeidsinntekt frå 13 år, jf. skatteloven § 2-14 nr. 4. Barn under 13 år vert samskattlagde med forelder for all inntekt, også eventuell lønsinntekt, men har rett til særskilt minstefrådrag i lønsinntekta, jf. skatteloven § 6-32 andre ledd første punktum. Det er gjeve skattefritak for lønsinntekt til barn under 13 år på inntil 10 000 kroner, jf. skatteloven § 5-15 første ledd bokstav o. Skattefritaket gjeld berre løn for «en konkret arbeidsprestasjon av barnet», jf. Ot. prp. nr. 1 (2008–2009) kapittel 16, det vil seie at passive honorar fell utanfor skattefritaket. Av løn til personar under 17 år vert det betalt trygdeavgift med låg sats (5,1 pst.), jf. folketrygdloven § 23-3 andre ledd nr. 1 bokstav c, ikkje mellomsats (7,9 pst.) som for personar som er 17 år eller eldre.

2.2 Barn over 17 år eller som har mista begge foreldra

Barn som har fylt 17 år, vert skattlagde individuelt. Barnepensjon til barn som har fylt 17 år, vert derfor alltid skattlagd hos barnet sjølv.

Dersom begge foreldra er døde, vert barnet sett på som sjølvstendig skattepliktig, jf. Skatte-ABC 2023 punkt B-1-1.1.3, og barnepensjonen vert også da skattlagd hos barnet.

Barnepensjon til barn som har fylt 17 år, vert rekna som personinntekt etter skatteloven § 12-2 bokstav b. Det skal dermed betalast trygdeavgift, trinnskatt og skatt av alminneleg inntekt av barnepensjonen (dersom samla inntekt er tilstrekkeleg). Trygdeavgift skal betalast med låg sats (5,1 pst.), som for pensjon. Barnet får ikkje skatteavgrensing.

På same måte som barn som vert samskattlagde med gjenlevande forelder, får barn som vert skattlagde individuelt, eit særskilt minstefrådrag i barnepensjonen i tillegg til minstefrådrag i eventuell arbeidsinntekt.

Til barn som skal skattleggjast individuelt for barnepensjon, vert det også gjeve eit særskilt inntektsfrådrag etter skatteloven § 6-49, dersom barnet har arbeidsinntekt i tillegg til barnepensjonen. Dette inntektsfrådraget skal maksimalt tilsvare personfrådraget, og skal verken overstige arbeidsinntekta fråtrekt minstefrådrag eller barnepensjonen fråtrekt minstefrådrag.

Særskilt inntektsfrådrag etter § 6-49 vart innført i 1987. Det følgjer av forarbeida i Ot. prp. nr. 72 (1986–87) s. 1–2 at formålet med inntektsfrådraget var at barn som vart skattlagde for underhaldsbidrag og barnepensjon o.l., skulle ha same skattefrie arbeidsinntekt som andre barn. Det vart vist til at personfrådraget (klassefrådraget) ofte ville vore brukt på barnepensjonen, heilt eller delvis. Barn mellom 13 og 17 år med éin forelder i live fekk allereie både minstefrådrag og personfrådrag (klassefrådrag) i si arbeidsinntekt.

3 DEPARTEMENTET SINE VURDERINGAR OG FORSLAG

Departementet har vurdert skattereglane for barnepensjon ut frå tre omsyn:

- Behovet for enklare reglar.
- Nivået på skatten på eventuell arbeidsinntekt ved sidan av barnepensjonen.
- Nivået på barnepensjonen etter skatt.

Dagens skattereglar inneber at barnepensjon vert skattlagd på fire ulike måtar med tre ulike særreglar i tillegg til eventuell skatteavgrensing, jf. oppsummeringa i tabell 1. Kva regelsett som gjeld, avheng av alderen til barnet, om éin av eller begge foreldra er døde, og inntektsnivået til eventuell gjenlevande forelder.

Tabell 1 Oppsummering av gjeldande skattereglar for barnepensjon

Skattereglar:	Skattlagd hos: forelder (F) eller barn (B)	Skatteavgrensing	Ikke personinntekt	Særskilt minstrefrådrag	Særskilt inntektstrådrag
Skattytar:					
Under 17 år, forelder med låg inntekt	F	X	X	X	
Under 17 år, forelder med høg inntekt	F		X	X	
Under 17 år, har mista begge foreldra	B		X	X	X
17 år eller eldre	B			X	X

Kjelde: Finansdepartementet.

Skattereglane for barnepensjon har vore justerte i fleire omgangar, og dei synest i liten grad å ha vore vurderte når skattereglane elles er endra. Det kan vere særleg uheldig at skattereglar som gjeld for barn, er såpass kompliserte. Kompleksiteten er også illustrert gjennom at Etterlatneutvalet (NOU 2017: 3) uttalde at: «Utvalget viser til at virkningene av skatt er komplekse og det har ikke vært del av utvalgets arbeid å belyse alle de skattemessige konsekvensene av forslagene. Utvalgets klare intensjon er å styrke ytelsene til etterlatne barn for på den måten å hindre barnefattigdom ved bortfall av forsørger. Utvalget forutsetter at dette legges til grunn i den vidare oppfølgingen av utvalgets utredning».

Det trengst derfor forenklingar i reglane. I mandatet for Etterlatneutvalet frå 2015 var det fastsett at ytingane til etterlatne barn i framtida skal skattleggjast som løn. Utvalet la denne premissen til grunn for arbeidet sitt utan å drøfte alternativ, og utan ei fullstendig

utgreiing av skattekonsekvensane av ei slik omlegging. Det var likevel ein klar føresetnad for utvalet at ytingane til etterlatne barn skulle styrkast. Fordi ytingane for dei fleste vert auka vesentleg før skatt, vil dette likevel vere oppfylt relativt uavhengig av skattereglane.

Departementet har som alternativ til lønsskatt, vurdert å skattleggje barnepensjon berre som alminneleg inntekt, dvs. med ein flat sats på 22 pst. Det inneber at det ikkje skal betalast trygdeavgift og trinnskatt av barnepensjon, og at barnepensjon blir skattlagt på same måte som kapitalinntekt. I tillegg har departementet vurdert eit nytt særskilt frådrag i barnepensjonen dersom han vert skattlagt på same måte som kapitalinntekt.

Når det gjeld skatten på eventuell arbeidsinntekt ved sidan av pensjonen, er det verknaden for dei eldste mottakarane (17–20 år) som er mest relevant, sidan yngre barn som regel ikkje har særleg høge arbeidsinntekter, særleg ikkje barn under 13 år. Vidare viser tabell 2 at dei aller fleste mottakarane av barnepensjon (nær 99 pst.) har mista éin forelder.

Tabell 2 Talet på barnepensjonistar i folketrygda. Mars 2023

	0–9 år	10–14 år	15–21 år	I alt
Mista éin forelder	2 198	4 294	4 401	10 893 (98,7 pst.)
Mista begge foreldra	16	43	90	149 (1,3 pst.)
I alt	2 214	4 337	4 491	11 042 (100 pst.)

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

3.1 Omsynet til enklare skattereglar

Både skattlegging av barnepensjon som lønsinntekt og berre som alminneleg inntekt (dvs. på same måte som kapitalinntekt) vil gje klart enklare skattereglar enn i dag. Det er likevel nokre forskjellar mellom desse to alternativa.

Dersom barnepensjon vert skattlagt som løn, vil pensjonen verte skattlagt hos gjenlevande forelder fram til barnet er 13 år. Det betyr at storleiken på forelderens personinntekt (løn m.m.) vil avgjere det samla skattenivået på barnepensjonen, på grunn av blant anna trinnskatt. Barn under 13 år får dermed ulik skatt på barnepensjonen avhengig av forelderens inntekt.

I alderen 13–16 år vert barn skattlagde særskilt for eventuell arbeidsinntekt, mens for eksempel kapitalinntekter vert skattlagde hos foreldre. Viss barnepensjonen vert skattlagt som løn, vil han altså verte skattlagt hos barnet. Da vil skatten ikkje lenger avhenge av forelderens inntekt og typisk verte vesentleg lågare samanlikna med når barnet er under 13 år.

Frå 17 år vert barnet sjølv skattlagt for all inntekt, slik at barnepensjonen i alle tilfelle verte skattlagd hos barnet.

Lønsskatten på barnepensjon vil også variere med alder fordi trygdeavgiftssatsen på lønsinntekt varierer med alder. Satsen er 5,1 pst. under 17 år og 7,9 pst. frå 17 år. Det betyr at skatten på ein barnepensjon skattlagd som løn vil auke noko frå 17 år.

Dersom barnet har mista begge foreldra, er barnet sjølvstendig skattepliktig, og barnepensjonen vil verte skattlagd hos barnet, dvs. også hos barn under 13 år. Dersom barnepensjonen vert skattlagd som lønsinntekt, vert skatten for desse den same som for barn 13–16 år. (Barn under 13 år har eit særskilt fribeløp i lønsinntekt på 10 000 kroner, men dette fribeløpet vert berre gjeve i løn som stammar frå ein konkret arbeidsprestasjon, og det vil ikkje gjelde for barnepensjon.)

Dersom barnepensjonen vert skattlagd berre som alminneleg inntekt, vil skattesatsen vere 22 pst. i alle aldrar. Eventuelt kan skatten bli noko lågare på ein del av barnepensjonen dersom ein ikkje har utnytta heile personfrådraget på andre inntekter. Først og fremst vil det kunne gjelde barn over 17 år med låg arbeidsinntekt ved sidan av barnepensjonen og yngre barn som har mista begge foreldra og vert skattlagde sjølv for barnepensjonen.

Over tid er skatte- og trygdesystemet endra slik at alle ytingar i yrkesaktiv alder skal skattleggjast som løn. Det har særleg vore grunngeve med at trygdemottakarar lettare skal forstå den økonomiske verknaden av overgangar mellom trygd og arbeid. Det er likevel ikkje like gode grunnar for å skattleggje barnepensjon som lønsinntekt. Barnepensjon skal ikkje avkortast mot lønsinntekt. Dessutan er det først frå fylte 18 år at ein kan få arbeidsavklaringspengar (AAP) og uføretrygd, mens barnepensjonen gjeld frå (tidlegast) 0 til fylte 20 år, det vil seie ut det året ein fyller 19 år. Den moglege overlappende alderen mellom barnepensjon og AAP/uføretrygd utgjør derfor normalt berre to år, samtidig som andelen på trygd er lågare i desse aldersgruppene enn elles.

Skattlegging av barnepensjon på same måte som kapitalinntekt gjev det enklaste systemet. At lønsskatt på barnepensjon framstår noko komplisert, heng til dels også saman med at skattesystemet ikkje er tilpassa at barn under 13 år skal ha store lønsinntekter. Barn under 13 år har eit særskilt fribeløp i lønsinntekt på 10 000 kroner, og dette er normalt tilstrekkeleg til at barn under 13 år ikkje vert skattlagde for lønsinntekt i det heile.

Oppsummert: Dersom barnepensjonen vert skattlagd som løn, vil skatten på barnepensjonen variere mykje avhengig av alderen til barnet (og inntekta til den gjenlevande forelderen for barn under 13 år). Skattlegging av barnepensjon på same måte som kapitalinntekt vil gje eit enklare system og større likebehandling uavhengig av alderen til barnet.

3.2 Skatt på arbeidsinntekt ved sidan av barnepensjonen

Dagens særreglar for barnepensjon er til dels grunngeve i eit ønske om at barn som mottok barnepensjon, skal kunne ha same skattefrie arbeidsinntekt som andre barn. Sjølv om reglane er komplisert innretta for å forsøke å oppfylle dette formålet, er det likevel berre for barn under 17 år at dei verkar slik, sjå nærare under. Reglane verkar ikkje slik for dei som er 17 år eller eldre, trass i at det er for dei det er aller mest aktuelt å ha arbeidsinntekt på eit visst nivå ved sidan av barnepensjon.

Med dagens skattereglar vil marginalskatten på ei lønsinntekt på inntil 70 000 kroner ved sidan av barnepensjon vere 7,9 pst. for dei som er over 17 år og får barnepensjon på 1 G (ny barnepensjon med éin gjenlevande forelder). For dei som er over 17 år og får barnepensjon på 2,25 G (mista begge foreldra), vil marginalskatten vere 9,6–11,9 pst. Dei som er 13–16 år, har ingen skatt på arbeidsinntekt inntil 70 000 kroner ved sidan av barnepensjon.

For dei som er under 13 år, vert arbeidsinntekt over 10 000 kroner skattlagd hos eventuell gjenlevande forelder. Om den gjenlevande forelderen har låg inntekt, inneber det i dag at arbeidsinntekta vil omfattast av skatteavgrensingsregelen og bli ilagd høg marginalskatt. Om begge foreldra er døde, vert arbeidsinntekta skattlagd hos barnet. Det er likevel uvanleg at barn under 13 år har vesentleg arbeidsinntekt, og verknaden for desse vert ikkje drøfta vidare.

Det kan vere ønskeleg at skatten på arbeidsinntekt ved sidan av barnepensjon ikkje aukar vesentleg frå dagens skattereglar. Det gjeld særleg for dei eldste, og for arbeidsinntekter innanfor «frikortgrensa» på 70 000 kroner.

Dersom barnepensjonen vert skattlagd som løn, vil marginalskatten på arbeidsinntekt for dei som er over 17 år og har barnepensjon på 1 G, framleis verte 7,9 pst. på dei første om lag 30 000 kronene, men auke til 19,8 pst. på arbeidsinntekt over dette. For dei som er over 17 år og har barnepensjon på 2,25 G, aukar marginalskatten til 31,6–33,9 pst. Marginalskatten på arbeidsinntekt for barn under 17 år vert liknande (2,8 prosenteningar lågare enn for barn over 17 år på grunn av lågare trygdeavgift).

Om barnepensjonen i staden vert skattlagd på same måte som kapitalinntekt, vil marginalskatten på arbeidsinntekt inntil 70 000 kroner for dei som er over 17 år bli 11,9 pst. både for barnepensjon på 1 G og 2,25 G. Det same gjeld for dei som er under 17 år og har mista to foreldre, slik at dei sjølve vert skattlagde for barnepensjonen. Marginalskatten på arbeidsinntekt for barn som er 13–16 år og har éin gjenlevande forelder, vil derimot ikkje verte påverka av at barna mottok barnepensjon, fordi barnepensjonen vert skattlagd hos forelderen. Dei vil derfor få null skatt på løn inntil 70 000 kroner.

Tabell 3 oppsummerer desse tala. Samla sett vil skatt som kapitalinntekt gje minst endring frå dagens skattereglar når det gjeld marginals-katten på arbeidsinntekt ved sidan av barnepensjon.

Tabell 3 Marginals-katt på løn inntil 70 000 kroner ved sidan av barnepensjon. Ulike skattereglar for barnepensjonen. Prosent

	Dagens reglar	Lønsskatt	Kapitalskatt
<i>Mista éin forelder</i>			
17 år og eldre, 1 G	7,9	7,9–19,8	11,9
13–16 år, 1 G	0	5,1–17,0	0
<i>Mista begge foreldra</i>			
17 år og eldre, 2,25 G	9,6–11,9	31,6–33,9	11,9
13–16 år, 2,25 G	0	28,8–31,1	11,9

Kjelde: Finansdepartementet.

Sjå også punkt 3.4 om eit mogleg særskilt frådrag i barnepensjon, som også motverkar (samla) skatteauke på arbeidsinntekt samanlikna med i dag dersom barnepensjonen vert skattlagd på same måte som kapitalinntekt. For dei som er 17 år og eldre vil den samla skatteauken på ei løn på inntil 70 000 kroner utgjere 4,0 pst. av løna (11,9 pst. minus 7,9 pst.), det vil seie inntil 2 800 kroner samla, samanlikna med dagens skattereglar. Det særskilde frådraget påverkar ikkje marginals-katten direkte, men eit frådrag på for eksempel 22 700 kroner, vil redusere samla skatt med 5 000 kroner.

Oppsummert: Dersom barnepensjonen blir skattlagd som løn, vil marginals-katten på lønsinntekt inntil 70 000 kroner bli høgare for alle aldersgrupper, samanlikna med dagens reglar. Kapitalskatt vil gje minst endring frå dagens reglar, og gje meir lik skatt for ulike aldersgrupper, samanlikna med lønsskatt.

3.3 Nivået på barnepensjonen etter skatt

Dei nye berekningsreglane for barnepensjon frå folketrygda inneber at barnepensjonen før skatt aukar vesentleg for dei aller fleste barna. Eksempelvis vil eit barn som har mista éin forelder i dag få maksimalt 0,4 G, mens nye reglar gjev 1 G. Barn som har mista to foreldre, vil få 2,25 G kvar med dei nye reglane. Det inneber at dei aller fleste vil få auka barnepensjon også etter skatt, relativt uavhengig av kva skattereglar som gjeld.

Pensjon på 1 og 2,25 G tilsvarar om lag 116 200 og 261 500 kroner med gjennomsnittleg grunnbeløp i folketrygda for 2023. I tabell 4 vert nivået etter skatt samanlikna når barnepensjonen vert skattlagd som løn og kapitalinntekt (2023-skattereglar).

Tabell 4 *Inntekt etter skatt med barnepensjon som barnet si einaste inntekt og berre standard frådrag. Ulike skattereglar for barnepensjonen. Kroner*

	Lønsskatt	Kapitalskatt
<i>Mista éin forelder</i>		
17 år og eldre, 1 G	107 100	108 200
13–16 år, 1 G	110 300	90 700–108 200 ²
Under 13 år, 1 G	Minimum 76 200 ¹	90 700–108 200 ²
<i>Mista begge foreldra</i>		
17 år og eldre, 2,25 G	222 800	221 500
13–16 år, 2,25 G	230 100	221 500
Under 13 år, 2,25 G	230 100	221 500

¹ Løn under 13 år vert skattlagd hos gjenlevande forelder. Skatten avheng av forelderens personinntekt m.m. Maks. skatt blir 34,5 pst. (5,1 pst. trygdeavgift og 17,5 pst. trinnskatt på heile barnepensjonen, pluss 22 pst. skatt av alminneleg inntekt på barnepensjon etter minstefrådrag på 46 pst.), som gjev nær 76 200 kroner etter skatt.

² Kapitalinntekt for barn under 17 år vert skattlagd hos gjenlevande forelder. Skatten avheng av om forelderens har brukt heile personfrådraget. Maks. marginalskatt er 22 pst. over eventuelt ubrukt personfrådrag. Dei fleste foreldre har truleg brukt heile personfrådraget, slik at barnepensjonen etter skatt blir 90 700 kroner.

Kjelde: Finansdepartementet.

Tabellen viser for det første at det årlege nivået etter skatt vil variere mykje med alder ved lønsskatt, mens nivået er meir stabilt ved kapitalskatt.

Tabellen viser vidare at særleg dei som er under 13 år og har mista éin forelder, kan få lågare barnepensjon med lønsskatt. Nivået vil variere mye med forelderens inntekt. Lønsskatt gjev derimot noko høgare pensjon etter skatt i alderen 13–16 år.

Det er liten forskjell mellom lønsskatt og kapitalskatt for dei som er 17 år og eldre og har barnepensjon som einaste inntekt. Det gjeld både for dei som har mista éin forelder, og dei som har mista begge foreldra.

For dei som er under 17 år og har mista begge foreldra, gjev lønsskattereglar noko høgare barnepensjon etter skatt enn kapitalskatt. Årsaka til at lønsskatt er relativt meir gunstig for dei yngste, er at trygdeavgifta på løn er lågare under 17 år.

Tala i tabell 4 vil elles verte modererte av eventuell arbeidsinntekt ved sidan av barnepensjonen. Som det framgår i tabell 3, vil skatten på arbeidsinntekt ofte verte lågast om barnepensjonen vert skattlagd som kapitalinntekt. Unge med arbeidsinntekt vil dermed oftare kunne kome betre ut samla sett med kapitalskatt på barnepensjonen.

Tabell 5 viser samla inntekt etter skatt for barn 13 år og eldre som har løn på 50 000 kroner ved sidan av barnepensjonen. Vesentleg løn er lite aktuelt under 13 år.

Tabell 5 Inntekt etter skatt med løn på 50 000 kroner ved sidan av barnepensjon og berre standard frådrag. Ulike skattereglar for barnepensjonen. Kroner

	Lønsskatt	Kapitalskatt
<i>Mista éin forelder</i>		
17 år og eldre, 1 G	150 900	152 200
13–16 år, 1 G	155 500	140 600–158 200
<i>Mista begge foreldra</i>		
17 år og eldre, 2,25 G	256 200	265 600
13–16 år, 2,25 G	264 900	265 600

Kjelde: Finansdepartementet.

Oppsummert: Nivået på barnepensjon etter skatt vil variere meir med alder ved lønsskatt, mens det blir meir stabilt med kapitalskatt. Enkelte grupper får lågare barnepensjon med lønsskatt, mens andre grupper får noko høgare barnepensjon etter skatt med lønsskatt. Forslag om eit nytt særskild frådrag i barnepensjon vil bidra til høgare barnepensjon etter skatt for grupper som har lågare barnepensjon etter skatt med kapitalskatt, sjå punkt 4.3.4.

3.4 Samla vurdering – kapitalskatt og særskilt frådrag i barnepensjon

I mandatet for Etterlatneutvalet var det lagt til grunn lønsskatt på barnepensjon. Omsyna til enklare skattereglar og marginalskatten på arbeidsinntekt ved sidan av barnepensjonen, talar for at barnepensjon heller vert skattlagd som kapitalinntekt.

Når det gjeld nivået på barnepensjonen etter skatt, varierer det om lønsskatt eller kapitalskatt gjev høgast pensjon. Med ei viss arbeidsinntekt ved sidan av barnepensjonen kjem barna likevel ofte best ut samla sett etter skatt om barnepensjonen vert skattlagd som kapitalinntekt. Samtidig vil dei aller fleste uansett få høgare barnepensjon etter skatt enn i dag, uavhengig av skattereglar, fordi barnepensjonen er auka før skatt.

Departementet meiner at det er betre å kombinere kapitalskatt med eit nytt særskilt frådrag i barnepensjon for å bidra til noko høgare pensjon etter skatt, enn å skattleggje barnepensjonen som løn. Da tek ein vare på fordelane elles, altså store regelverksforenklingar og låg marginalskatt på arbeidsinntekt ved sidan av pensjonen.

Departementet foreslår derfor at det skal gjevast eit slikt frådrag. Eksempelvis kan det gjevast eit særskilt frådrag i barnepensjon på 22 700 kroner. Det særskilde frådraget reduserer alminneleg inntekt hos den som barnepensjonen blir skattlagt hos. Eit frådrag på 22 700 kroner aukar nivået med om lag 5 000 kroner etter skatt med sats på 22 pst.

Tabell 6 samanliknar lønsskatt med departementet sitt forslag om kapitalsskatt med eit særskilt frådrag. I tabellen er det føresett at det særskilde frådraget vert sett slik at nivået etter skatt aukar med 5 000 kroner, som nemnt over.

Tabell 6 Inntekt etter skatt med barnepensjon som barnet si einaste inntekt og berre standard frådrag. Ulike skattereglar for barnepensjonen. Kroner

	Lønsskatt	Kapitalsskatt med særskilt frådrag
<i>Mista éin forelder</i>		
17 år og eldre, 1 G	107 100	113 200
13–16 år, 1 G	110 300	95 700–113 200
Under 13 år, 1 G	Minimum 76 200	95 700–113 200
<i>Mista begge foreldra</i>		
17 år og eldre, 2,25 G	222 800	226 500
13–16 år, 2,25 G	230 100	226 500
Under 13 år, 2,25 G	230 100	226 500

Kjelde: Finansdepartementet.

Tabellen viser at utslaga framleis varierer noko mellom grupper, men lite systematisk. Gjennomsnittleg nivå på barnepensjonen etter skatt bør her vurderast som om lag likt for lønsskatt og for kapitalsskatt med særskilt frådrag. Det gjeld for barn heilt utan arbeidsinntekt ved sidan av barnepensjonen. I tillegg kjem barn med ei viss arbeidsinntekt relativt betre ut med kapitalsskatt, som vist ovanfor.

I overgangsperioden der ektefellepensjon for gamle mottakarar vert skattlagt etter skatteavgrensingsregelen når forelderen har låg inntekt, vil barnepensjon skattlagt hos den gjenlevande forelderen (under 17 år) framleis skattleggjast med skatteavgrensing og sats 55 pst. I dag vil ein maksimalt kunne få minste frådrag på 18 560 kroner i barnepensjonen frå folketrygda (per barn, 40 pst. av 0,4 G). Ikkje alle typar frådrag blir gjevne i skatteutrekninga etter skatteavgrensingsregelen, til dømes vert det ikkje gjeve personfrådrag. Departementet legg opp til at det nye særskilde frådraget i barnepensjon også vert gjeve til dei som vert skattlagde etter skatteavgrensingsregelen i den overgangsperioden det gjeld (før 2029). Eit særskilt frådrag i barnepensjon på 22 000–23 000 kroner vil da meir enn motsvare dagens maksimale kronebeløp for

minstefrådraget i barnpensjon frå folketrygda. Tilsvarande gjeld gamle mottakarar av ektefellepensjon med for høg inntekt til å ha skatteavgrensing.

Det vert gjeve barnpensjon også frå andre ordningar enn folketrygda. Dette gjeld offentlege tenestepensjonsordningar, enkelte tenestepensjonsordningar i privat sektor og eventuelle utanlandske ordningar. For eksempel utgjer barnpensjon frå Statens pensjonskasse 15 pst. av pensjonsgrunnlaget til avdøde og vert gjeve fram til fylte 20 år. Ytinga vert ikkje samordna med ytingar frå folketrygda. Ytingar til etterlatne er ikkje del av obligatorisk tenestepensjon. I private tenestepensjonsordningar som likevel har ei yting til etterlatne barn, er det truleg mest vanleg at ytinga er eit eingongsbeløp, ikkje ein varig barnpensjon.

Barnpensjon frå andre ordningar enn folketrygda vert i dag skattlagde på same måte som barnpensjon frå folketrygda, det vil seie avhengig av alder, om éin av eller begge foreldra er døde, og eventuell gjenlevande forelders inntektsnivå. Forslaget om omlegging til kapitalskatt for barnpensjon omfattar også ei tilsvarande omlegging av skattlegginga av barnpensjon frå andre ordningar enn folketrygda. Det inneber at skattesatsen alltid vil verte 22 pst.

Med lønsskatt ville skattlegginga vorte progressiv og variert med samla inntekt. Da kunne også gjennomsnittsskatten på barnpensjonen auka med talet på barn under 13 år, dvs. i den perioden ein barnpensjon med lønsskatt ville vorte skattlagd hos gjenlevande forelder.

Departementet viser til forslag til endringar av skatteloven §§ 6-32, 6-49 og 12-2.

4 ØKONOMISKE VERKNADER FOR DEN ENKELTE

4.1 Innleiing

Dette kapitlet illustrerer verknaden av den samla omlegginga av ytingane og skattereglane. Kapitlet nyttar skattereglane for 2023 og det gjennomsnittlege grunnbeløpet for 2023, som utgjer drygt 116 200 kroner.

I eksempla med forslag til nye reglar for barnepensjon er det lagt til grunn at også eventuell gjenlevande forelder er omfatta av nye skattereglar. I overgangsperioden for dei som vart etterlatne ektefellar før 2024, vil det i tillegg vere tilfelle der forelderen har gamle skattereglar, mens barnet har nye.

Som ein illustrasjon er det lagt til grunn at det særskilde frådraget i barnepensjon er om lag 22 700 kroner, slik at det gjev ein skattereduksjon på om lag 5 000 kroner (22 pst. av 22 700 kroner).

4.2 Under 17 år, har mista éin forelder

Dagens reglar:		Forslag til nye reglar:	
Barnepensjon	46 500 kr	Barnepensjon	116 200 kr
Minstefrådrag	18 600 kr	Særskilt frådrag	22 700 kr
Alminneleg inntekt	27 900 kr	Alminneleg inntekt	93 500 kr
<i>Med skatteavgrensing:</i>		<i>Oppbrukt personfrådrag:</i>	
Skatt 55 pst.	15 300 kr	Skatt alm. inntekt 22 pst.	20 600 kr
Barnepensjon etter skatt	31 200 kr	Barnepensjon etter skatt	95 700 kr
<i>Utan skatteavgrensing:</i>		<i>Ubrukt personfrådrag:</i>	
Skatt alm. inntekt 22 pst.	6 100 kr	Personfrådrag	79 600 kr
Barnepensjon etter skatt	40 400 kr	Skattbar alm. inntekt	13 900 kr
		Skatt alm. inntekt 22 pst.	3 100 kr
		Barnepensjon etter skatt	113 200 kr

Kjelde: Finansdepartementet.

Barnepensjon til barn under 17 år med éin død forelder vert skattlagt hos den gjenlevande forelderen. Nivået på barnepensjonen frå folketrygda per barn varierer i dag med talet på barn. Dersom det berre er eitt barn, utgjer barnepensjonen 0,4 G (46 500 kroner). Barnepensjonen vert ikkje rekna som personinntekt og skal berre skattleggjast som alminneleg inntekt hos forelderen. Det vert likevel gjeve 40 pst. minstefrådrag i pensjon, som vert 18 600 kroner. Alminneleg inntekt hos forelderen aukar dermed med 27 900 kroner.

Den gjenlevande forelderen mottok normalt ektefellepensjon frå folketrygda, som gjev rett til skatteavgrensing. Dersom den gjenlevande forelderen har låg inntekt, det vil seie at skatteavgrensingsregelen har verknad, vil barnepensjonen bli skattlagt med 55 pst.

av auken i alminneleg inntekt. Det gjev ein skatt på drygt 15 300 kroner. Barnepensjonen etter skatt vert i underkant av 31 200 kroner.

Dersom den gjenlevande forelderen har for høg inntekt til at skatteavgrensingsregelen har verknad, vil barnepensjonen bli skattlagd med 22 pst. av auken i alminneleg inntekt. Skatten vert drygt 6 100 kroner, og barnepensjonen etter skatt vert i underkant av 40 400 kroner.

Etter nye reglar skal barnepensjonen utgjera 1 G per barn (116 200 kroner) og framleis skattleggjast hos gjenlevande forelder fram til barnet fyller 17 år. Etter særskilt frådrag på 22 700 kroner aukar alminneleg inntekt med om lag 93 500 kroner. 22 pst. skatt av dette vert i underkant av 20 600 kroner, slik at barnepensjonen etter skatt blir i underkant av 95 700 kroner. Det er da lagt til grunn at den gjenlevande forelderen har brukt personfrådraget frå før. Dersom forelderen har (delvis) ubrukt personfrådrag før barnepensjon, vert barnepensjonen etter skatt høgare, maksimalt 113 200 kroner.

4.3 Over 17 år, har mista éin forelder

Dagens reglar:		Forslag til nye reglar:	
Barnepensjon	46 500 kr	Barnepensjon	116 200 kr
Minstefrådrag	18 600 kr	Særskilt frådrag	22 700 kr
Alminneleg inntekt	27 900 kr	Alminneleg inntekt	93 500 kr
Personfrådrag	79 600 kr	Personfrådrag	79 600 kr
Skattbar alm. inntekt	0 kr	Skattbar alm. inntekt	13 900 kr
Trygdeavgift 5,1 pst.	0 kr		
Trinnskatt 1,7–17,5 pst.	0 kr		
Skatt alm. inntekt 22 pst.	0 kr	Skatt alm. inntekt 22 pst.	3 100 kr
Barnepensjon etter skatt	46 500 kr	Barnepensjon etter skatt	113 200 kr

Kjelde: Finansdepartementet.

Dersom barnet er over 17 år, vert barnepensjonen skattlagd hos barnet sjølv. Dagens nivå på barnepensjonen er det same som under 17 år, det vil seie 0,4 G (46 500 kroner) ved eitt barn.

Når barnet er over 17 år, vert barnepensjonen rekna som personinntekt og skal ileggjast trygdeavgift og trinnskatt. Dersom barnepensjonen er barnet si einaste inntekt, vil likevel ein barnepensjon på 46 500 kroner vera under nedre grense for trygdeavgift og ikkje bli ilagt trygdeavgift. Barnepensjonen er også for låg til at det blir trinnskatt. Vidare vil barnepensjon (minus minstefrådrag) vera lågare enn personfrådraget, og det blir heller ikkje skatt på alminneleg inntekt. I dag blir barnepensjonen etter skatt dermed 46 500 kroner.

Med nye reglar vert barnepensjonen 1 G (116 200 kroner). Etter særskilt frådrag på 22 700 kroner vert alminneleg inntekt 93 500 kroner. Om barnepensjonen også her er einaste inntekt, vert skatten 22 pst. av det som overstig personfrådraget på 79 600 kroner, det vil seie knapt 3 100 kroner. Barnepensjonen etter skatt vert i underkant av 113 200 kroner med nye reglar.

4.4 Under 17 år, har mista begge foreldra

Dagens reglar:	2 G	2,6 G	1,2 G
Barnepensjon	232 500 kr	302 200 kr	139 500 kr
Minstefrådrag	86 250 kr	86 250 kr	55 800 kr
Alminneleg inntekt	146 200 kr	216 000 kr	83 700 kr
Personfrådrag	79 600 kr	79 600 kr	79 600 kr
Skattbar alm. inntekt	66 600 kr	136 400 kr	4 100 kr
Skatt alm. inntekt 22 pst.	14 700 kr	30 000 kr	900 kr
Barnepensjon etter skatt	217 800 kr	272 200 kr	138 600 kr
Forslag til nye reglar:	2,25 G		
Barnepensjon	261 500 kr		
Særskilt frådrag	22 700 kr		
Alminneleg inntekt	238 800 kr		
Personfrådrag	79 600 kr		
Skattbar alm. inntekt	159 200 kr		
Skatt alm. inntekt 22 pst.	35 000 kr		
Barnepensjon etter skatt	226 500 kr		

Kjelde: Finansdepartementet.

Når begge foreldra er døde, vert barnepensjonen skattlagd hos barnet.

Om det berre er eitt barn, vil barnet i dag minimum få minstepensjon på 2 G (232 500 kroner), gjeve at pensjonen vert rekna med full trygdetid. Barnet får minstefrådrag lik øvre grense for pensjon på 86 250 kroner. Det betyr at alminneleg inntekt aukar med drygt 146 200 kroner. Barnepensjonen vert ikkje rekna som personinntekt under 17 år, og det vert ikkje trygdeavgift og trinnskaft. Om barnepensjonen er einaste inntekt, vert skatten dermed 22 pst. av det som overstig personfrådraget på 79 600 kroner, altså i underkant av 14 700 kroner. Barnepensjonen etter skatt vert om lag 217 800 kroner.

Den maksimale pensjonen for eitt barn er i dag om lag 2,6 G (302 200 kroner). Det er da føresett berre poengår etter 1991 og sluttpoengtal 7, det vil seie 12 G i inntekt. Minstefrådraget i pensjon blir også da 86 250 kroner. Med 22 pst. skatt på alminneleg inntekt som overstig personfrådraget, vert skatten 30 000 kroner. Barnepensjonen etter skatt vert 272 200 kroner.

Når det er fleire barn, skal barnepensjonen i dag summerast og delast likt på barna. Om det er to barn og ektefellepensjonen ville utgjort 2 G, vil barna i dag få 1,2 G kvar (2 G pluss 0,4 G, delt på to), altså om lag 139 500 kroner. Minstefrådraget vert om lag 55 800 kroner, slik at alminneleg inntekt vert 83 700 kroner. 22 pst. skatt av det som overstig personfrådraget på 79 600 kroner utgjer 900 kroner. Barnepensjonen etter skatt vil da verte 138 600 kroner.

Etter nye reglar skal barnepensjonen alltid utgjere 2,25 G (261 500 kroner) per barn når begge foreldra er døde. Det gjeld både uavhengig av foreldras inntekt før dødsfalla og uavhengig av talet på etterlatne barn. Etter særskilt frådrag i barnepensjonen på 22 700 kroner aukar alminneleg inntekt med 238 800 kroner. 22 pst. skatt av alminneleg inntekt over personfrådraget på 79 600 kroner vert 35 000 kroner. Barnepensjonen etter skatt vert dermed 226 500 kroner.

4.5 Over 17 år, har mista begge foreldra

Dagens reglar:	2 G	2,6 G	1,2 G
Barnepensjon	232 500 kr	302 200 kr	139 500 kr
Minstefrådrag	86 250 kr	86 250 kr	55 800 kr
Alminneleg inntekt	146 200 kr	216 000 kr	83 700 kr
Personfrådrag	79 600 kr	79 600 kr	79 600 kr
Skattbar alm. inntekt	66 600 kr	136 400 kr	4 100 kr
Trygdeavgift 5,1 pst.	11 900 kr	15 400 kr	7 100 kr
Trinnskatt 1,7–17,5 pst.	600 kr	2 700 kr	0 kr
Skatt alm. inntekt 22 pst.	14 700 kr	30 000 kr	900 kr
Barnepensjon etter skatt	205 400 kr	254 100 kr	131 500 kr
Forslag til nye reglar:	2,25 G		
Barnepensjon	261 500 kr		
Særskilt frådrag	22 700 kr		
Alminneleg inntekt	238 800 kr		
Personfrådrag	79 600 kr		
Skattbar alm. inntekt	159 200 kr		
Skatt alm. inntekt 22 pst.	35 000 kr		
Barnepensjon etter skatt	226 500 kr		

Kjelde: Finansdepartementet.

Når barnet er over 17 år, vert barnepensjonen i dag rekna som personinntekt, og det skal derfor reknast trygdeavgift og trinnskatt. Barnepensjonen etter skatt vert i dag derfor noko lågare enn han er for barn under 17 år.

Som for eitt barn *under* 17 år, vil eitt barn *over* 17 år i dag få minimum minstepensjon på 2 G (232 500 kroner). Trygdeavgifta vert 5,1 pst. av 232 500 kroner, det vil seie i underkant av 11 900 kroner. Vidare overstig barnepensjonen innslagspunktet for trinnskattens trinn 1 på 198 350 kroner (sats 1,7 pst.), og trinnskatten vert 600 kroner. Barnet får minstefrådrag lik øvre grense for pensjon på 86 250 kroner, slik at alminneleg inntekt aukar med drygt 146 200 kroner. Skatten av alminneleg inntekt vert 22 pst. av det som overstig personfrådraget på 79 600 kroner, det vil seie i underkant av 14 700 kroner. Samla skatt vert dermed 27 100 kroner, og barnepensjonen etter skatt vert 205 400 kroner.

Med om lag maksimal barnepensjon på 2,6 G (302 200 kroner) vil 5,1 pst. trygdeavgift utgjere 15 400 kroner. Barnepensjonen overstig innslagspunktet i trinnskatten både i trinn 1 og 2. Samla trinnskatt vert om lag 2 700 kroner. Minstefrådraget i pensjon blir 86 250 kroner, og 22 pst. skatt av alminneleg inntekt som overstig personfrådraget, vert 30 000 kroner. Det betyr at den samla skatten vert 48 100 kroner, og barnepensjonen etter skatt vert 254 100 kroner.

Om det er to barn og ektefellepensjonen ville utgjort 2 G, vil barn i dag få 1,2 G kvar (139 500 kroner). Med 5,1 pst. trygdeavgift på pensjon vert trygdeavgifta 7 100 kroner. Skatten av alminneleg inntekt vert 900 kroner etter minstefrådrag på 55 800 kroner og personfrådrag på 79 600 kroner. Samla skatt vert dermed 8 000 kroner, og pensjonen etter skatt vert 131 500 kroner.

Med nye reglar vert barnepensjonen alltid 2,25 G (261 500 kroner). Etter særskilt frådrag på 22 700 kroner, aukar alminneleg inntekt med 238 800 kroner. 22 pst. skatt av alminneleg inntekt over personfrådraget på 79 600 kroner vert 35 000 kroner. Barnepensjonen etter skatt vert dermed 226 500 kroner. Med nye reglar vert nivået altså det same som det er for barn under 17 år.

5 ADMINISTRATIVE OG ØKONOMISKE KONSEKVENSA

Endra reglar for skattlegging av barnepensjon med verknad frå 2024 vil medføre kostnader for Skatteetaten til systemendringar. På lengre sikt legg departementet til grunn at forslaget vil vere forenklande både for skattytarane og Skatteetaten.

Samanlikna med føresetnaden om lønsskatt i Etterlatneutvalet, legg departementet til grunn at kapitalanskatt med særskilt frådrag i barnepensjonen ikkje gjev vesentlege langsiktige provenyvirkningar samla sett. Dette avheng nærare av nivået på det særskilde frådraget.

6 IKRAFTTREDING

Departementet foreslår at endringane trer i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2024.

7 FORSLAG TIL LOVENDRINGAR

Forslag til lov om endringar i skatteloven

I

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt vert det gjort følgjande endringar:

§ 6-32 første ledd bokstav b skal lyde:

b. Minstefradrag i pensjonsinntekt, jf. § 6-31 første ledd bokstav b, gis med 40 prosent av summen av slik inntekt. *Det gis ikke minstefradrag i barnepensjon fra folketrygden eller i barnepensjon fra andre ordninger, jf. skatteloven § 6-49.*

§ 6-32 andre ledd skal lyde:

(2) Minstefradrag beregnes særskilt for foreldre og barn som skattlegges under ett etter § 2-14 første ledd. Det gis særskilt fradrag i ektefelle tillegg etter folketrygdloven, unntatt i ektefelle tillegg som er skattefritt etter § 5-43 første ledd bokstav j.

§ 6-49 skal lyde:

§ 6-49 Særskilt fradrag i barnepensjon

Det gis særskilt fradrag i barnepensjon etter folketrygden og i barnepensjon etter andre ordninger med inntil 22 700 kroner. Fradraget skal ikke overstige mottatt barnepensjon.

§ 12-2 bokstav b andre punktum skal lyde:

Som personinntekt regnes likevel ikke barnepensjon *fra folketrygden eller barnepensjon fra andre ordninger* og etterlønn og etterpensjon etter § 5-40 første ledd.

II

Loven trer i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2024.